



Byggesaksavdelinga  
Siril Sylta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2345 - 19/26698

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2019

## Landbruksfagleg uttale til oppføring av våningshus nr 2 på gbnr 214/4 Fyllingsnes

Arve Fyllingsnes ynskjer å bygge våningshus nr 2 på landbrukseigedomen sin gbnr 214/4 Fyllingsnes. Det vert søkt dispensasjon frå arealformålet LNF då det ikkje ikkje kan seiast å vere naudsynt for landbruket. Like fullt ynskjer søkjar at huset skal tilhøyre igarden framfor å vere eit frådelt og fritt omsetteleg hus.

Det er i dag sauehald på småbruket med 15-16 villsau. Antal sau er jamt stigande. Søkjar har ei sær stor interesse for landbruksdrifta si og har lagt ned mykje arbeid i beiterydding, gjerding og opprusting av driftsbygning. Lindås kommune har løyvd SMIL – midlar beiterydding og gjerding på garden siste åra.

I dag bur søkjar med familien sin ca 1,1 km unna garden. Det er tungvint å drive gard på den måten og gardsdrifta vert ikkje eit familieprosjekt når ein må sette seg i bilen for å køyre bort til garden. Det vert ikkje der ungane har fritida si m.m. Det står eit eldre hus på garden i dag der bestemor til søkjar bur og har burett i si levetid. Det er såleis ikkje hus til søkjar på garden i dag.

Underteikna har vore på synfaring i saka og sett på alternative plasseringar av hus. Det har også vore gjort forsøk på kjøp av tidlegare frådelt tomte lenger sør på garden utan å lukkast. Den aktuelle haugen er einaste plassen ein fann for nytt våningshus på garden utan ta verdifull dyrka jord. I AR5 er haugen definert som innmarksbeite. Det er ein grunlendt haug som uansett stykker opp slåttemarka. Vert vegen liggande i nivå med slåttemarka så er det enkelt å krysse vegen med slåttestyret.

Huset vil grense opp til slåttemark og dels ha slåttemark på alle sider. Hadde det vore søknad om deling ville det vore fare for driftsmessige ulemper som lukt, støy og gjerdeproblematikk. I dette tilfellet er det gardens egne folk som skal eige huset. Men det kan ikkje reknast med å få delt ifrå huset på eit seinare tidspunkt. Til det ligg huset for integrert i den dyrka jorda.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef



Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anne Lise Molvik  
Byggesaksavdelinga